



## INFORMASJONSMØTE OM UTDANNINGSPROGRAM VED ØRSTA VIDAREGÅANDE SKULE

Vi ynskjer foreldre/føresette til 10.klassingar hjarteleg velkomne til informasjonsmøte

**TIRSDAG 17. JANUAR 2023, KL. 18:00 – 19:00 i auditoriet på D-bygget**

Formålet med møtet er at de som foreldre/føresette skal få ei oversikt og innblikk i dei utdanningsprogramma som skulen tilbyr, slik at de kan vere betre rusta til å gi ungdommane dykkar råd når dei skal søkje skuleplass på vidaregåande skule.

Først blir det ei fellesorientering om Ørsta vidaregåande skule i auditoriet. Deretter vert det høve til å snakke med fagpersonar på dei ulike utdanningsprogramma.

Ørsta vidaregåande skule har desse programområda:

-  Bygg- og anleggsteknikk
-  Elektro og datateknologi
-  Helse- og oppvekstfag
-  Restaurant- og matfag
-  Teknologi og industrifag

Informasjon om skulen og utdanningsprogramma kan de også finne på heimesida vår [www.orsta.vgs.no](http://www.orsta.vgs.no)

Vi håper de har høve til å setje av denne kvelden, og ynskjer vel møtt!

Ørsta den 10.01.2023  
Med vennleg helsing  
ØRSTA VIDAREGÅANDE SKULE

Roger A. Fylling  
Rektor

D-bygget ved Ørsta vidaregåande skule finn de her.



